



Møre og Romsdal
fylkeskommune

SAKSFRAMLEGG

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
16.3.2015	2015/2932	Morten Larsen

Saksnr	Utval	Møtedato
6/15	Samarbeids- og arbeidsmiljøutvalet i tannhelsesektoren	16.3.2015

IA I TANNHELSETENESTA - MÅL- OG TILTAKSPLAN

Vedlegg

Utkast til mål og tiltak for eit meir inkluderande arbeidsliv.

Bakgrunn

I møte 5.6.2014, SAMU-T-sak 16/14, vart utvalet informert om den nye intensjonsavtalen om eit meir inkluderande arbeidsliv og rammeavtalen om IA som er inngått mellom fylkeskommunen og NAV. Rammeavtalen er ein overordna avtale på fylkesnivå som klargjer policy, overordna mål og føringar for IA-arbeidet.

IA-avtalen skal implementerast i tannhelsesektoren gjennom eigen samarbeidsavtale med NAV arbeidslivssenter som vart signert i møte 9.12.2014, sak 26/2014. Samarbeidsavtalen stadfestar at tannhelsesektoren er ansvarleg for å følgje opp måla i intensjonsavtalen. Innan 12 veker etter signert lokal samarbeidsavtale skal det utarbeidast sektorspesifikke delmål tilpassa tannhelsesektoren, med forslag til tiltak.

Vedlegget viser utkast til mål- og tiltaksplan. Utkastet byggjer på tilsvarande plan utarbeidd til føregåande samarbeidsavtale, jf. SAMUT-sak 13/11.

Forslaget til mål- og tiltaksplan blir med dette lagt fram for SAMU-T til behandling.

Anthony N. Valen
Fylkestannlege

Morten Larsen
Administrasjonsleiar